

**Notat**

Dato: 23. 11. 2015
Arkivsak: 2014/14130-27
Saksbehandlar: helhaav

Til: Fylkesutvalet, Fylkestinget

Frå: Fylkesrådmannen

Opplysning av Bystasjonen AS - Overføring til Hordaland fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune tok over ansvaret for kollektivtransporten i Hordaland i 2008.

I samband med dette var det naudsynt å få hand om infrastrukturen som var knytta til kollektivtransporten. Dette omfatta mellom anna den eksisterande bussterminalen på Bystasjonen i Bergen.

Fylkestinget godkjente i sak 68/08 kjøp av 100 % av aksjane i Bystasjonen AS. Selskapet var fisjonert ut frå AS Nygårdstangen, og ved fisjonen vart AS Nygårdstangen sine terminalanlegg under Bygarasjen overført til Bystasjonen AS. Gjennom kjøp av aksjane i Bystasjonen AS sikra fylkeskommunen seg såleis bussperrongar, køyrebanar, gangtunnelar mm.

Etter 2008 er det gjennomført betydelege investeringar for å utvikle terminalområdet. Desse arbeida er no ferdige. Bystasjonen AS har vore byggherre for oppgraderingane.

Ordninga med å eige anlegget gjennom eit selskap kan verke noko uklår med omsyn til ansvar utad, formell avgjerdsmakt og retningslinjer for offentlege tilskot. Alle kontraktar som selskapet har inngått med dei ulike entreprenørane i samband med byggearbeida er òg avslutta. I tillegg ser selskapet og fylkesrådmannen det som praktisk å få samla arbeidet med kollektivanlegg i Eigedomsavdelinga i fylkeskommunen, og meiner at dette vil gje reduserte driftskostnader.

Då det ikkje lenger er føremåstenleg å oppretthalde selskapet som ei sjølvstendig eining, vil ein halde ekstraordinær generalforsamling for å vedta opplysning og avvikling av selskapet. Selskapet sine eigendelar vil verte overført til Hordaland fylkeskommune.

Vi har fått uttale frå Skatteetaten om at likvidasjonen av selskapet ikkje vil utløyse skattlegging.